



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
84/26	Formannskapet	01.09.2026
	Kommunestyre	

TV-aksjonen 2026

Samandrag:

Ordføraren har motteke brev frå fylkesaksjonsleiar med oppmoding til ordførar om å opprette og leie kommunekomiteén for NRK TV-aksjonen 2026.

Ordførar ynskjer at formannskap og kommunestyre tek stilling til om det skal gjennomførast bøssebering under årets TV-aksjon, samt avgjer nivået på gåva kommunen skal gje til TV-aksjonen.

Formannskapet 01.09.2026

Behandling:

Vedtak, foreslått av Paul Sindre Vedeld, Senterpartiet

TV-aksjonen vert gjennomført som i 2025 der bøssene vert plassert ut på lokalbutikkane rundt omkring i kommunen.

Vanylven kommunen gir gåve på kr 10,- pr innbyggjar i 2026

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Vedtak**

Paul Sindre Vedeld (SP)

For: 7 stemmer (100%) - Ap 2, Frp 1, H 1, INP 1, SP 2

Stemmer:

Nils Olav Moen (INP)

Paul Sindre Vedeld (SP)

Merete Vatne (SP)

Elisabet Lauvstad Haugen (Frp)

Njål Sivertstøl (Ap)

Per-Johnny Brekke (H)

Caroline Juul (Ap)

Mot: 0 stemmer (0%)

FO - 84/26 Vedtak

TV-aksjonen vert gjennomført som i 2025 der bøssene vert plassert ut på lokalbutikkane rundt omkring i kommunen.

Vanylven kommunen gir gåve på kr 10,- pr innbyggjar i 2026

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka er utan tilråding frå administrasjonen.

Vedlegg:

Informasjon om TV-aksjonen 2026

Oppmodningsbrev - Vanylven

Oppmoding til ordførar om å oppretta og leie kommunekomiteén for NRK TV-aksjonen 2026

Saksopplysningar:

Ordføraren har motteke brev frå fylkesaksjonsleiar med oppmoding til ordførar om å opprette og leie kommunekomiteén for NRK TV-aksjonen 2026.

Årets TV-aksjon er 18.oktober.

Årets TV-aksjon går til NRC Flyktningshjelpen.

"I år går TV-aksjonen til NRC Flyktningshjelpen. Saman skal vi gi over 400 000 menneske på flukt moglegheita til å skape seg eit heim og ei ny framtid. Aldri før har fleire menneske vore på flukt frå krig og konflikt, og aldri før har så mange trengt hjelp til å skaffe seg eit heim. Men det finst håp, og det finst løysingar. TV-aksjonen 2026 skal bidra til at over 400 000 menneske får tryggare og betre buforhold i Syria, Gaza, Sudan, Tsjad, Afghanistan og DR Kongo".

Les meir om årets TV-aksjon: <https://tvaksjonen.no/aktuelt/nrc-flyktningshjelpen-2026/>

Bøssebering

Ordføraren ynskjer at formannskap og kommunestyre gjev ein uttale om kva vi skal gjere i høve bøssebering.

Når ein samanliknar inntektene frå TV-aksjonen i 2024 med bøssebering med inntektene frå 2025 utan bøssebering, kjem det fram ein betydeleg skilnad i innsamlingsbeløp.

I 2024, med bøssebering, vart det samla inn kr 329 255,-. I 2025, utan bøssebering, vart samla inn kr 174 613,-. Dette viser at bøssebering truleg har hatt stor tyding for innsamlingsbeløpet i Vanylven kommune.

Løyving frå kommunen

Formannskap og kommunestyre må ta ei avgjersle om nivå på gåve som skal gjevast til TV-aksjonen frå kommunen. Ordføraren føreslår kr 10 pr innbyggjar. Løyving frå formannskapet sin reservepost.

I 2025 vart det løyvd kr 10,- pr innbyggjar til Atlas-alliansen.

I 2024 vart det løyvd kr 15,- pr innbyggjar til Barnekreftforeningen, kr 45.465,-

I 2023 vart det løyvd kr 10,- pr innbyggjar til Redd Barna. kr. 30.340,-

I 2022 vart det løyvd kr 5,- pr innbyggjar til TV-aksjonen , 15.225,-

I følgje statistisk sentralbyrå var innbyggjartalet i Vanylven kommune 3021 ved utgangen av 1.kvartal.

Folketal pr. 01.01.2026: Kr 3.021 x Kr 10,- = Kr 30.210,- i kommunal løyving til TV-aksjonen.

Vurdering og konklusjon:

Som tidlegare år vert saka lagt fram utan tilråding.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Evt. løyving.

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør